**Samordna opptak 2020: Prosentdelen studentar som vel framandspråk minkar**

Nasjonalt senter for engelsk og framandspråk i opplæringa - Notat 5/2020

Samordna opptak har publisert søknadstala for studieåret 2020/2021.[1] 150 784 personar søkte høgare utdanning. Dette er heile 12 052 fleire søkjarar enn i 2019, det vil si ei auking på heile 8,7 %. Dessverre betyr det ikkje ei auking i talet på søkjarar til engelsk og framandspråk fordi talet går ned frå 4835 i fjor til 4227 i år. Når ein tek med aukinga i det totale talet på søknadar, så tyder det på ein kraftig nedgang i søkjarar til engelsk og framandspråk, frå 3,5 % av alle søknadar i fjor til 2,8 % i år. I tillegg er talet på studieplassar færre enn i fjor med 2702 mot 2738. Dette er første gong Framandspråksenteret registrerer ein nedgang i talet på studieplassar i engelsk og framandspråk.

Som vanleg tuftar Framandspråksenteret sin statistikk på delen søkjarar som har engelsk eller framandspråk som fyrsteval. Talet inkluderer årsstudium, bachelorgradar og lektorutdanningar med engelsk eller framandspråk i fagkrinsen. Dei fleste språkstudium er ikkje reine språkstudium, men inneheld òg andre fag som til dømes områdestudium, historie, litteraturhistorie og liknande. I tillegg har Framandspråksenteret teke med lærarutdanningar med fordjuping i framandspråk.

Ikkje alle språk er teke med i statistikken. Utvalet er basert på språka med høgst søkjartal over tid. Difor er språk som polsk, swahili, sanskrit, persisk, nederlandsk og fleire ikkje med. Dei lokale opptaka, mellom anna til masterstudium er ikkje synlege i Samordna opptak sin statistikk og er heller ikkje teke med. Difor er tala i denne analysen truleg lågare enn dei verkelege tala, og det er ikkje mogleg å seie heilt eksakt kor mange studentar som vel engelsk og framandspråk i Noreg i dag.

Det vi derimot kan sjå, er utviklinga over tid. Framandspråksenteret nyttar dei same utdanningane[2] i statistikken sin, og når vi ser på dei samla kan vi sjå følgjande utvikling:

- Ein lågare prosentdel av studentane vel engelsk eller framandspråk i høgare utdanning i år enn i fjor
- Talet på studieplassar er færre enn i fjor
- Langt færre søkjer engelsk enn tidlegare og talet går ned for første gong
- Dei andre framandspråka i statistikken veks eller er stabile, medan teiknspråk har ein nedgang frå i fjor

[1] https://www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/sokertall-2020/index.html

[2] Faga som er lagt til grunn for statistikken finnast sist i notatet

**Søkjartalet til engelsk og framandspråk minkar til under 3 %**




*Tabell 1*

Prosenttalet på søkjarar til engelsk og framandspråk utgjer i år berre 2,8 % av totalen, mot 3,5 % i fjor. Det store fallet kan delvis forklarast med ei stor auking i søkjarar, men det totale talet på søkjarar til engelsk og framandspråk har òg gått ned frå 4835 i fjor til 4227. Dette er ei negativ utvikling som det er grunn til å vere urolig for.

**Talet på studieplassar minkar**




*Tabell 2*

Talet på studieplassar minkar, sjølv om det totale talet på søkjarar går opp. Fordi det er færre søkjarar på engelsk og framandspråk enn i fjor betyr det at det er lettare å kome inn på studium med engelsk framandspråk i år enn i tidlegare.

**Talet på søkjarar til engelsk søkk for første gong sidan 2010**




*Tabell 3*

For første gong sidan 2010 er det no færre som søkjer engelsk. Prosenttalet søkk òg. Den same utviklinga har vi sett i fleire år i vidaregåande skule, der interessa for programfag i engelsk aldri har vore lågare.

**Både spansk, fransk og tysk aukar**




*Tabell 4*

Alle dei tre store skolespråka aukar i søkjartal i år, noko som er gledeleg. Medan spansk og tysk er mykje større enn fransk i skulen er fransk meir populært enn tysk i høgare utdanning.

**Framgang for italiensk og samisk**




*Tabell 5*

Italiensk gjer eit stort sprang i søkjartal i år, medan klassiske fag og språk har litt færre søkjarar. Samisk veks i år fordi 43 søkjarar har søkt på Nordsamisk som framandspråk ved UiT. Sami Allaskuvla tilbyr to færre utdanningar i år, og universitetet i Nord tilbyr ikkje lærarutdanning i lulesamisk i år.

**Færre søkjarar til teiknspråk i år**




*Tabell 6*

Teiknspråk og teiknspråk og tolking har færre søkjarar i år enn i fjor, men det er framleis eit av dei aller største språkfaga i høgare utdanning. Teiknspråk vert rekna som eit framandspråk i grunnutdanninga.

**Ingen store forandringar i søkjartal til dei ikkje-europeiske språka**




*Tabell 7*

Det har nesten ikkje vore endring i søkjartala for dei fire største ikkje-europeiske språka i år, noko som er merkeleg, men og gledeleg sidan det betyr at tala ikkje har minka like mykje som i fjor, då alle fire språka hadde ei negativ utvikling.

Øystein N. Øksenvåg

Høgskulelektor, ansvarleg for språkval
Framandspråksenteret
Halden, mai 2020

*Alle tala under er henta frå Samordna opptak:*

| **Lærestad** | **Studium** | **Studieplassar** | **Søkjarar** |
|---|---|---|---|
| **Engelsk** | | | |
| Universitetet i Oslo | Engelsk, årsstudium | 65 | 231 |
| Universitetet i Agder | Lektorutdanning med engelsk i første studieår | 12 | 40 |
| Høgskulen i Volda | Engelsk, deltid | 5 | 17 |
| Høgskolen i Sørøst-Norge | Engelsk, Horten | 10 | 36 |
| Universitetet i Oslo | Lektorprogrammet, engelsk | 40 | 106 |
| Universitetet i Bergen | Engelsk, årsstudium | 24 | 86 |
| Oslo Met | Grunnskolelærerutdanning 5.-10. trinn - engelsk | 53 | 111 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Lektorutdanning språkfag/engelsk for trinn 8-13 | 45 | 90 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Engelsk, årsstudium | 35 | 108 |
| Universitetet i Stavanger | Engelsk | 40 | 95 |
| Universitetet i Agder | Oversetting og interkulturell komm., engelsk | 30 | 41 |
| Universitetet i Oslo | Engelsk, bachelor | 103 | 141 |
| Høgskulen på Vestlandet | Grunnskolelærer 5.-10. trinn, engelsk | 28 | 47 |
| Universitetet i Stavanger | Engelsk språk og litteratur | 20 | 41 |
| Høgskulen i Volda | Engelsk | 25 | 22 |
| Høgskulen i Volda | Engelsk, deltid | 5 | 18 |
| Høgskolen i Østfold | Engelsk | 60 | 47 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Europastudier med fremmedspråk, engelsk | 21 | 18 |
| Høgskolen i Innlandet, studier i Hedmark | Engelsk | 30 | 41 |
| Nord universitet | Engelsk, Bodø, årsstudium | 20 | 21 |
| Universitetet i Agder | Engelsk, årsstudium | 45 | 71 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Engelsk, bachelor | 45 | 50 |
| Nord universitet | Engelsk, Levanger, årsstudium | 20 | 17 |
| Universitetet i Bergen | Engelsk, bachelor | 65 | 68 |
| Nord universitet | Engelsk, Bodø, bachelor | 20 | 11 |
| Høgskulen på Vestlandet | Engelsk, Sogndal | 30 | 20 |
| UiT Norges arktiske universitet | Engelsk, årsstudium | 50 | 27 |
| UiT Norges arktiske universitet | Engelsk, bachelor | 20 | 15 |
| Høgskulen på Vestlandet | Engelsk, Stord | 25 | 20 |
| Universitetet i Agder | Engelsk, bachelor | 30 | 21 |
| Universitetet i Bergen | Lektorutdanning i engelsk | 14 | 56 |
| Høgskulen på Vestlandet | Grunnskolelærer 1.-7. trinn, engelsk | 34 | 57 |
| Høgskolen i Sørøst-Norge | Engelsk, Bø, deltid | 20 | 275 |
| Høgskolen i Sørøst-Norge | Engelsk, Bø | 20 | 17 |
| Høgskolen i Sørøst-Norge | Engelsk, Horten | 10 | 36 |
| Nord universitet | Engelsk, Levanger, årsstudium | 20 | 17 |
| Høgskulen på Vestlandet | Grunnskolelærer, 1.-7. trinn, engelsk, Sogndal | 12 | 11 |
| Høgskulen på Vestlandet | Grunnskolelærer, 5.-10. trinn, engelsk, Sogndal | 18 | 11 |

## Tysk

| | | | |
|---|---|---|---|
| Høgskolen i Østfold | Tysk | 80 | 136 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Lektorutdanning språkfag/tysk for trinn 8-13 | 10 | 10 |
| Universitetet i Bergen | Tysk, årsstudium | 8 | 12 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Tysk, bachelor | 7 | 4 |
| Universitetet i Oslo | Tysk, årsstudium | 50 | 74 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Tysk, årsstudium | 20 | 33 |
| Universitetet i Oslo | Tysk, bachelor | 17 | 13 |
| Universitetet i Bergen | Tysk, bachelor | 10 | 7 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Europastudier med fremmedspråk, tysk | 5 | 5 |
| Universitetet i Agder | Tysk | 25 | 11 |
| Universitetet i Bergen | Lektorutdanning i tysk | 4 | 2 |

## Uspesifikke lektorprogram

| | | | |
|---|---|---|---|
| Universitetet i Oslo | Lektorprogrammet, fremmedspråk | 25 | 37 |
| Universitetet i Agder | Lektor, 8-13 trinn,m/fremmedspr. i første studieår | 10 | 13 |
| Høgskolen i Innlandet | Lektor, 8.-13. trinn, språkfag | 30 | 34 |

## Fransk

| | | | |
|---|---|---|---|
| Universitetet i Oslo | Fransk, årsstudium | 50 | 122 |
| Universitetet i Bergen | Fransk, årsstudium | 8 | 22 |
| Høgskolen i Østfold | Fransk | 80 | 117 |
| Universitetet i Bergen | Fransk, bachelor | 10 | 17 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Fransk, årsstudium | 25 | 34 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Fransk med fagdidaktikk | 25 | 48 |
| Universitetet i Oslo | Fransk, bachelor | 35 | 34 |
| Universitetet i Agder | Fransk | 25 | 16 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Europastudier med fremmedspråk, fransk | 5 | 5 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Fransk, bachelor | 7 | 5 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Lektorutdanning språkfag/fransk for trinn 8-13 | 10 | 7 |
| Universitetet i Bergen | Lektorutdanning i fransk | 4 | 7 |

## Spansk

| | | | |
|---|---|---|---|
| Høgskolen i Østfold | Spansk | 90 | 173 |
| Universitetet i Oslo | Spansk, årsstudium | 62 | 124 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Spansk, bachelor | 10 | 16 |
| Universitetet i Oslo | Spansk, bachelor | 33 | 27 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Spansk, årsstudium | 30 | 75 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Universitetet i Bergen | Spansk språk og latinamerikastudier, årsstudium | 10 | 27 |
| Universitetet i Agder | Spansk | 35 | 19 |
| Universitetet i Bergen | Spansk språk og latinamerikastudier, bachelor | 30 | 36 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Europastudier med fremmedspråk, spansk | 8 | 11 |
| Universtitetet i Sørøst-Norge | Spansk | 40 | 131 |
| Universitetet i Tromsø | Spansk og latinamerikanske studier | 10 | 9 |
| Universitetet i Bergen | Lektor 8.-13 trinn, spansk | 10 | 19 |

## Andre språk

| | | | |
|---|---|---|---|
| Oslo Met | Tegnspråk | 35 | 130 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Tegnspråk | 25 | 20 |
| Oslo Met | Tegnspråk og tolking | 20 | 55 |
| Høgskulen på Vestlandet | Tegnspråk og tolking | 24 | 47 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Tegnspråk og tolking | 20 | 98 |
| Universitetet i Bergen | Russisk | 15 | 18 |
| Universitetet i Oslo | Russisk | 30 | 67 |
| Universitetet i Tromsø | Russisk | 15 | 12 |
| Universitetet i Oslo | Italiensk, bachelor | 15 | 16 |
| Universitetet i Oslo | Italiensk, årsstudium | 35 | 104 |
| Universitetet i Bergen | Italiensk | 10 | 10 |
| Universitetet i Oslo | Portugisisk | xx | xx |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Antikkens kultur og klassiske fag | 10 | 11 |
| Universitetet i Oslo | Antikkens kultur | 14 | 31 |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | Latin | 10 | 14 |
| Universitetet i Oslo | Klassiske språk | 13 | 29 |
| Universitetet i Oslo | Japansk med Japan-studier | 50 | 157 |
| Universitetet i Bergen | Japansk | 30 | 78 |
| Universitetet i Oslo | Kinesisk med Kina-studier | 60 | 90 |
| Universitetet i Bergen | Kinesisk | 20 | 31 |
| Universitetet i Oslo | Midtøsten-studier med arabisk | 60 | 141 |
| Universitetet i Bergen | Arabisk | 15 | 50 |
| Universitetet i Tromsø | Nordsamisk som fremmedspråk | 30 | 43 |
| Universitetet i Tromsø | Nordsamisk som morsmål | xx | Xx |
| Sami Allaskuvla | Samisk språk og litteratur | xx | xx |
| Sami Allaskuvla | Grunnskolelærer 1.-7. trinn, samisk | 12 | 8 |
| Sami Allaskuvla | Grunnskolelærer 5.-10.trinn, samisk | 12 | 7 |
| Sami Allaskuvla | Samisk barnehagelærerutdanning | xx | xx |
| Universitetet i Nord | Grunnskolelærer 1.-7. trinn, sørsamisk | xx | xx |
| Universitetet i Nord | Grunnskolelærer 1.-7. trinn, lulesamisk | xx | xx |

*Tala under er henta frå Samordna opptak og Framandspråksenteret sine tidlegare notat om språkval. Sjå* https://www.hiof.no/fss/sprakvalg/ *for fleire notat*

| Søkjarar/plassar | 2020 | 2019 | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Engelsk | 2157/1169 | 2119/1174 | 2453/1227 | 2370/1174 | 2143/1134 | 1908/1095 |
| Tysk | 307/236 | 288/236 | 353/229 | 306/231 | 284/193 | 192/182 |
| Fransk | 434/284 | 380/279 | 355/267 | 374/271 | 328/205 | 281/205 |
| Spansk | 667/368 | 587/373 | 553/353 | 534/340 | 587/350 | 529/293 |
| Lektorprogram med framandspråk | 84/65 | 102/65 | 94/65 | 50/25 | 126/67[3] | 192/107 |
| Samisk | | 42/74 | 34/20 | 17/30 | 43/32 | 12/40 |
| Teiknspråk | 350/124 | 475/135 | 345/124 | 326/119 | 315/119 | 231/141 |
| Russisk | 97/60 | 99/60 | 140/100 | 192/90 | 169/103 | 134/108 |
| Italiensk | 130/60 | 109/55 | 90/55 | 94/57 | 111/53 | 97/55 |
| Portugisisk | xx | xx | Xx | 11/15 | 16/15 | 42/23 |
| Antikk, kultur og klassiske språk (gresk, latin) | 85/47 | 80/47 | 72/47 | 72/47 | 47/32 | 39/40 |
| Japansk | 235/80 | 232/80 | 241/90 | 234/85 | 204/98 | 223/100 |
| Kinesisk | 121/80 | 126/80 | 187/80 | 128/80 | 59/60[4] | 106/80 |
| Arabisk | 191/75 | 196/80 | 195/75 | 197/75 | 183/65 | 147/60 |
| Studieplassar | 2702 | 2738 | 2657 | 2635 | 2526 | 2529 |
| Søkjarar totalt | 150 784 | 138 732 | 142 004 | 135 587 | 132 021 | 127 929 |
| Søkjarar til framandspråk | 4227 | 4835 | 4897 | 4905 | 4615 | 4270 |
| Prosentdel som søkjer framandspråk | 2,8033 % | 3,4851 % | 3,4485 % | 3,6176 % | 3,4956% | 3,3378% |

| Søkjarar/plassar | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|---|---|---|---|---|---|
| Engelsk | 1781/1112 | 1739/1013 | 1742 | 1622 | 1481 |
| Tysk | 234/172 | 224/155 | 204 | 191 | 145 |
| Fransk | 300/193 | 315/182 | 340 | 310 | 267 |
| Spansk | 466/259 | 420/256 | 441 | 505 | 452 |
| Lektorprogram med framandspråk | 206/107 | 172/83 | [5] | | |
| Samisk | 45/34 | 21/44 | 10/12 | | |
| Teiknspråk | 265/119 | 241/126 | 289/106 | | |
| Russisk | 121/88 | 97/95 | 114/73 | | |
| Italiensk | 106/48 | 48/40 | 50/40 | | |
| Portugisisk | 62/23 | 27/15 | 34/15 | | |
| Antikk, kultur og klassiske språk (gresk, latin) | 59/68 | 81/60 | 62/57 | | |
| Japansk | 209/85 | 194/85 | 193/90 | | |
| Kinesisk | 89/60 | 144/80 | 121/50 | 124/50 | |
| Arabisk | 135/58 | 147/60 | 129/60 | | |
| Studieplassar | 2426 | 2294 | | | |
| Søkjarar totalt | 119 900 | 117 200 | 115 800 | | |
| Søkjarar til framandspråk | 4078 | 3870 | 3667 | | |
| Prosentdel som søkjer framandspråk | 3,4012% | 3,3020% | 3,1666% | | |

[5] Lektorutdanninga er her inkludert i språka